
Fra: Hans Inge Gloppen <Hans.Inge.Gloppen@hfk.no>
Sendt: mandag 19. mars 2018 11.22
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Kopi: Mette Nora Sætre; Bård Sandal
Emne: Tilskotsordning for breiband 2018

Til kommunane i Hordaland
v/rådmann og plansjef

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM), tidlegare kjent som Post- og teletilsynet, har lansert ny tilskotsordning for 2018. Nytt av året er at Hordaland fylkeskommune allereie no har fått tildelt ei ramme 8,3 mill. kroner, under føresetnad av at det kjem inn gode nok søknader. Det kan søkjast om tilskot til breiband i område som har dårlegare dekning enn 10 Mbit/s, område som har dårlegare dekning enn 30 Mbit/s, eller ein kombinasjon av desse to områda. Søknadsfristen er 18. mai 2018. Kommunar som vil søkja om tilskot til sine prosjekt finn meir informasjon på denne linken: <https://www.nkom.no/aktuelt/nyheter/nye-retningslinjer-for-st%C3%B8tte-til-bredb%C3%A5ndsutbygging>

Under er det lista opp sentrale punkt i tilskotsordninga:

- Kommunar som vil søkja finn dekningskart for kommunen som bildefiler på en FTP-server. Karta er oppdatert med dekningsdata per 30.6.2017. Desse kan brukast både i søknader om breibandstøtte og annan fylkes- og kommuneplanlegging. Ved å logge på FTP-serveren: <ftp://ftp.nkom.no> kan det hentast ned dekningskart for relevante kommunar. Brukarnamn: **roma**
Passord: **LynVingen1939**
Tilgangen til desse karta er berre meint for kommunar og fylkeskommunar, og skal difor ikkje distribuerast til andre.
- Søknadene skal fyllast ut elektronisk via
https://www.regionalforsyning.no/Startside/Velkommen.aspx?Ordning_Id=1349&Cookie=0
- Aktuelle område som kan få tilskot til utbygging er «Kvitt område» med dekning under 10 Mbit/s og «Kvitt NGA-område» med dekning 4-30 Mbit/s
- **LOKAL HØYRING ER VIKTIG:** Kommunar som planlegg å søkja tilskot skal offentleggjera kva for eit geografisk område den planlagde utbygginga gjeld med høyringsfrist på minst ein månad. Høyringa skal publiserast på kommunen si nettside, og link skal sendast til hans.inge.gloppen@hfk.no
- Eit krav for å søke om støtte er at kommunen som søker må undersøkja om det allereie er sett i gong utbygging, eller fins planar for breibandutbygging dei nærmaste tre åra i området det vert søkt støtte for.
<http://www.nkom.no/teknisk/bredb%C3%A5nd/utbygging/kontaktinformasjon-til-bredb%C3%A5ndstilbyderne>
- **VIKTIG** at søknadene er i tråd med reguleringane for statstilskot, samstundes som kriteria for ordninga vert oppfylt.

- Søknader frå i fjar kan brukast på nytt, men det må leggjast til grunn oppdaterte opplysningar og nye dekningskart.

Venleg helsing

Hans Inge Gloppen

Spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 97 41 40 40

www.hordaland.no